

# Hotell i særklasse

I 21 år har Trijnie Cupido og Laurens Brock eigd og drifta Lavik Fjord Hotel & Apartments, men no vil dei gi stafett-pinnen vidare. Sjølv vil dei søke nye utfordringar, for dei er langt frå klare til å legge beina på bordet og kvile på laurbæra, sjølv om hotell driftskapitlet deira no er i ferd med å bli avslutta.

Stig Hovlandsdal Øvreås  
stig@ytresogn.no



Seint på kvelden 11. januar 2004 gjekk nederlenderen Laurens Brock i land i eit stjerneklart og snødekt Lavik. Der var det nemleg eit hotell til sals, og det ville han sjå nærare på.

Familiefaren frå Nederland, som kom på besøk til Lavik denne kvelden med svogeren sin som reisefølge, var nemleg saman med resten av familien på utkikk etter ei reiselivsverksemd som dei kunne ta over. No var Laurens på plass i den vesle ferjebygda for å treffe Per Sverre Kvammen, som eigde hotellet der saman med kona Marit, og for å

undersøke om familien deira og Lavik kunne bli ein god match.

– Vi har begge jobba med reiseliv heile livet både heime i Nederland og i utlandet, og det var faktisk på jobb på ein vandrarheim på Terschelling der Trijnie kjem frå at vi møtte kvarandre seint på 80-talet, fortel dei to ein roleg tysdags ettermiddag i matsalen på det som har vore arbeidsplassen og heimen deira dei siste 21 år.

At det vart akkurat i Lavik at dei skulle hamne opp til slutt er ganske så tilfeldig.

– I 2003 hadde eg spart opp

veldig mange feriedagar, så vi bestemte oss for å ta ein skikkeleg campingferie, mimrar Laurens.

– Eg hadde lyst til å reise nedover i Europa, men Trijnie ville besøke Norge. Ho gjekk eit år på folkehøgskule på Gol, og hadde lyst til å besøke landet igjen, og slik vart det. Det vart starten på ei lengre reise.

På denne tida var dei to på utikk etter noko dei kunne drive sjølv, og søkte på nettet etter aktuelle stadar i Norge å etablere ei reiselivsbedrift.

– Vi enda til slutt opp på Vinstra, men det skulle vise seg å bli

vanskeleg for oss å etablere oss der. Bankane meinte det ikkje var marknad for enda ei reiselivsbedrift i området, og Lillehammer – som ligg åtte mil sør for Vinstra – hadde ein så stor reiselivsvekst den gongen at næringa i dei omliggande områda langt på veg vart utarma.

Dermed fortsette jakta etter ein stad å drive for dei to, og det var da Lavik dukka opp på radaren seinhaustes i 2003.

– Vi hadde møtt ei kald skulder på Vinstra, men her vart vi tekne i mot på ein heilt annan måte. Petter Sortland, som den gongen var dagleg leiar i Høyanger Næringsutvikling (HNU), hjelpte oss med å komme i kontakt med dei rette folka. Ein av dei var Terje Søreide, som var banksjef i Sparebanken Sogn og Fjordane her lokalt. Han var litt redd for å gje oss lån, men han var samstundes veldig positiv, og valde å ta ein sjans på oss. Så da stod vi der, to foreldre og barna Marieke, Piet og Femke på høvesvis 10, 8 og 3 år, klare til å kjøpe hotell i Lavik.

## «Feil» sukkerbit

No gjenstod berre formalitetane, som å sende inn nødvendige papir til Brønnøysundregisteret, og signere kjøpekontrakten.

– Den signerte vi hos ein advokat i Bergen, men han brukte så lang tid på å lese igjennom avtalen at vi ikkje rakk flyet heim igjen. Det enda med at vi måtte ta eit anna fly til Berlin for så å køyre ein leigebil heim igjen til Nederland. Så det vart til slutt

eit litt meir strabasjøst kjøp enn vi hadde tenkt.

Men alt gjekk til slutt bra, og 30. april 2004 tok dei endeleg over det som den gong var Lavik Hotell. Det vart ein ilddåp, og dei vart kasta rett ut i drifta.

– Per Sverre hadde akkurat blitt bestefar, så han måtte reise og besøke barnebarne sitt. Vi fekk derfor berre nøklane i handa og beskjed om at det dagen etter ville komme ei gruppe med buss frå Høyanger Pensjonistlag som skulle ha full servering, og dagen etter skulle det vere ei minnestund her.

Dei kaffitørste pensjonistane handterte dei sjølv, men minnestunda var dei meir usikre på. Per Sverre måtte derfor vere med som «rådgjevar».

– Ei minnestund er ei type samling der det er viktig at alt er som det skal vere, og vi som var heilt ferske var ikkje trygge nok på at vi ville kunne levere alt etter forventningane.

Det var i det heile mykje nytt å sette seg inn i for dei to. Språket var naturleg nok ei utfordring, men og smått og stort av kulturelle ting som skil seg mellom Norge og Nederland måtte lærast.

– Eit døme på dette kan vere bruken av sukkerbitar her i landet. I Nederland er det vanlege å røre ut sukkeret i kaffien, så sukkerbitane våre der er veldig lause i konsistensen, medan her er sukkerbitane harde så ein kan ha dei i munnen og drikke kaffi igjen-



Eldsteddotter Marieke tok i mai 2004 bilde av familien sin som akkurat hadde flytta til Lavik. Trijnie og Laurens saman med dottera Femke og sonen Piet. (Foto: Privat)



# Over hundre år med hotellhistorie

Hotellet i Lavik har røter tilbake til 1864, da Peder og Gjertrud Oppedal kjøpte ein del av Kvammen gard og fekk flytta Fylkesbåtane sin stopp til Lavik. Sonen Karl og kona Ottine bygde det første hotellet, og starta utleige da etterspurnaden for overnatting auka. Johannes Hellebø overtok bygget i 1919 og etablerte Hellebø Pensjonat i 1922 saman med kona Anna Marie. Pensjonatet vart raskt populært blant både reisande handelsfolk, embetsmenn og turistar som ville oppleve bygdelivet. Johannes var også ein dyktig snikkar og laga vakre møblar i drakestil i verkstaden sin.



Bildet tilhøyrrer Per Sverre Kvammen.

I 1956 overtok Leiv og Anna Ovidia Hellebø drifta. Dei moderniserte bygget med nye rom, innlagt vatn og sentralvarme. Pensjonatet vart eit samlingspunkt for bygdefolk, brukt til møte, festar og store familiefelringar. Etter fleire eigarskifte på 1980- og 1990-talet, overtok Laurens Brock og Trijnie Cupido frå Nederland i 2004 etter Marit og Per Sverre Kvammen, som hadde eigd hotellet sidan 1995. Det nederlandske paret gav hotellet namnet Lavik Fjord Hotel for å framheve nærleiken til fjorden. Hotellet vart modernisert vidare, og dei satsa på å tilby gjestane opplevingspakkar med lokal historie, fjellturar, fisketurar og kulturopplevingar. Hotellet har sidan vore ein populær destinasjon for både norske og utanlandske gjester som vil utforske området.

Kjelde: lavikfjordhotel.com

nom dei. Vi tenkte – ut frå vårt utgangspunkt – at desse harde sukkerbitane var av dårlegare kvalitet sidan dei var langt vanskelegare å røre ut i kaffien enn dei vi var vant med, så vi erstatta dei med lett oppløyselig sukker i små posar. Da fekk vi tilbakemeldingar om at det fungerte dårleg, så da måtte dei gamle sukkerbitane inn igjen. Det var ein detalj, men er eit godt døme på kordan menneske frå ulike plassar kan oppfatte og sjå på ting ulikt.

## Bygda sitt hotell

At det vart mykje nytt å forhalde seg til på jobb for Trijnie og Laurens er det ingen tvil om, men det vart og ei omstilling for barna deira å flytte til Lavik.

– Vi kjem frå ein liten stad, så sånn sett var ikkje overgangen så stor. Den gongen jobba Greetje Kersten frå Nederland som lærer på skulen her, noko som hjelpte veldig på overgangen sidan ungane våre kunne snakke med ho på ein enkel og naturleg måte for dei om det

skulle vere noko.

På hotellet fekk Trijnie og Laurens veldig god støtte frå dei som jobba der, og som hjalp til med smått og stort.

– Det er utruleg mange personar som har sett sine spor på hotellet opp igjennom, og vi har fått så mykje hjelp frå så mange i bygda. Den har vore heilt avgjerande for oss den tida vi har vore her. Det har særleg vore mange damer involvert i servering og kokkelering, og i starten var det innspel frå dei mange hjelparane som visste kordan ting skulle vere som let oss komme inn i rutinanane og

drifta på ein god måte.

At hotellet i Lavik er meir enn berre eit hotell i bygda er både velkjent og lett å merke når Trijnie og Laurens fortel. Det er og ei storstove, og ein møteplass. Her har det vore mang ein dåp for dei som er i starten av livet, og mang ei minnestund for dei som har gått bort. Ein fødsel har det til og med og vore der, men den er langt tilbake i tid.

At bygda på eit vis tok eit kollektivt ansvar sjølv i 2004 og hjelpte Trijnie og Laurens med å komme i gang, og føle seg velkommen, hadde mykje å seie for at dei lukkast med å føre hotellarven i Lavik vidare.

– Hotellet her er på eit vis bygda sitt. Vi har «lånt» det i overkant av 20 år, og no er tida moden for at nokon andre kan komme inn og sette sitt preg på det.

## Dei små har blitt store

Det er ikkje fordi Trijnie og Laurens er leie av hotelldrift at dei no ønsker å selje det som etter kvart kan omtalast som livsverket deira (eit ord dei ikkje likar sjølv).

– Dei tre små som vi hadde med oss til Lavik har no blitt store, og vi har fått eit barnebarn og eit nytt på veg. No vil vi gjerne få litt meir definert fritid så vi har høve til å reise på besøk til dei. Det er ei tid for alt, og vi ønsker å vere besteforeldre som kan vere til stades for generasjonane etter oss.

Det er heller ikkje alle aspekt ved hotelldrifta som er like

attraktive når ein har hamna i besteforeldrealderen.

– Å stå i baren til langt ut på natt om vi har eit arrangement for så å måtte stå opp igjen tidleg morgonen etter for å lage til frukost til gjestane er noko som går heilt fint når ein er litt yngre, men som kan vere litt strevsamt når ein bikkar 60 år.

Når ein har drive eit hotell som og fungerer som ein lokal møteplass i over 20 år kjem ein tett på lokalsamfunnet sitt. Gjennom mange ulike arrangement og tilstellingar har Trijnie og Laurens blitt godt kjent med mange i nærområdet, og dei har sett folk omgå kvarandre i kvardag og fest. Og desse opplevingane, og desse folka, har dei to blitt kjende med saman. Det er nok ikkje alle som kunne jobba og levd så tett på kvarandre på den måten som Trijnie og Laurens har gjort i mange tiår, men dei har utfyllande eigenskapar som har gjort til at samhandlinga og samspelet har fungert godt.

– Eg har nok mest kontakt med gjestane, og har og tatt meg av mykje av vedlikehaldet og reinhald og klargjering av hotellrom for gjestar. Laurens på si side har gjerne tatt seg meir av kjøkenoppgåver, administrasjon og marknadsføring, seier Trijnie.

– Arbeidsfordelinga oss imellom går naturleg, og vi lurar veldig sjeldan på kven som skal gjere kva. Det einaste er om vi til dømes sit og et middag i



Hausten 2004 monterte Laurens og sonen Piet den nye logoen på fasaden til hotellet som skifta namn frå Lavik Hotell til Lavik Fjord Hotel. (Foto: Privat)



leilegheita vår i toppetasjen på hotellet og det ringer i klokka i resepsjonen fordi ein gjest står der og treng hjelp. Da kan det vere vi ser på kvarandre for å sjekke stemninga for om den andre vil gå ned, men det tek gjerne berre ein augneblink, og så er ein av oss på beina.

### Treng aktivitetstilbod

Å drifte eit hotell som det i Lavik på den måten som Trijnje og Laurens har valt å gjere det er langt frå ein ni-til-fire jobb. Ein må vere mykje til stades, men den gir og mykje fridom. Særleg utanfor høysesongen.

– Turistsesongen har blitt stadig meir utvida med åra, og no strekk den seg frå tidleg i mai og ut septemner. Om sommaren er det alltid fullt her og masse liv, noko som er veldig kjekt, og så er det gjerne rolegare om vinteren, men også no har vi bra pågang. I natt var vi til dømes fullbooka, men så kan det plutselig vere dagar der vi berre har to av femten rom utleigd.

Dei to fortel at aktiviteten i næringsråda har mykje å seie for hotellet utanfor turistseongen.

– Korleis det går med verftet i Leirvik har til dømes innverknad på vår drift. At Brekkestranda Fjordhotel har vore stengt ein periode no har også slått positivt ut for oss, så det er fleire faktorar som spelar inn. Når det gjeld turismen har den vore ganske stabil med åra.

Men det er ein ting som manglar lokalt som dei gjerne skulle sett at kom på plass for å gje turismen ein oppsving.

– Det er veldig få aktivitetstilbod til dei som kjem hit tidleg eller seint i sesongen da dei som tilbyr aktivitetar og opplevingar gjerne har ein kortare sesong der dei held ope. I Kvernsteinsparken har dei laga ei løype som folk kan gå sjølv året rundt, og vi skulle hatt fleire slike heil-

årstilbod. Vi treng heile trioen med overnatting, mat og aktivitet om vi skal ha eit attraktivt nok tilbod til dei tilreisande. Det held ikkje med to av tre, vi må ha heile kinderegget.

### Har god tid

På spørsmål om dei ville tatt det same valet som dei gjorde i 2004 kjem svaret på direkten, heilt utan tenketid.

– Ja! Det å drive hotellet i Lavik har gitt oss mykje, og det gir oss framleis mykje. Vi er framleis veldig glade i hotellet og jobbane våre, men tenker at det kan vere bra og for hotellet at det kan komme nokre nye kostar inn.

Det var i desember i fjor at det vart offentleg kjent at dei to no søker etter arvtakarar. Eit hotellsal er slikt som gjerne tar litt tid, så dei ville ta det første steget alt no, og så gjer det ikkje så mykje for dei om det går eit år eller to før det eventuelt er nokon andre som står i resepsjonen for å ønske gjestane velkommen.

Og det er ikkje berre sjølv hotellet som er til sals, men heile selskapet med alt av materielle og immaterielle eigedelar. Det inkluderer mellom anna fleire bygg og verdifulle avtalar med turoperatørar og merkevara Lavik Fjord Hotel & Apartments. Det finst mange ulike modellar som kan vere aktuelle for eventuelle nye eigarar, og Trijnje og Laurens er sjølv på tilbodssida i så måte.

– Ein variant kan vere å kjøpe opp heile selskapet, men det kan og vere moglegheiter for at vi kan fortsette på eigarsida til dømes i ein overgangsperiode, slik at dei som kjem inn kan få kjenne litt på korleis det er å drive her før dei eventuelt tek over fullt og heilt. Det er sjølv sagt og eit alternativ å endre på driftsforma, til dømes



I 2021 bygde Trijnje og Laurens leilegheitsbygget som like ved hotellet. Her er det tre flotte leilegheiter for gjestar som ønsker litt meir boltreplass enn det eit hotellrom kan gi.

ved å halde vinterstengt om ein skulle ønske det, for ein må på ingen måte drifte slik vi har gjort om ein ikkje vil. Det er og mange moglegheiter på sjølv hotellet, slik som å bygge ut leilegheita på toppen til utleigerom. Dette kan gjerast på mange måtar, og vi vil alltid kunne finne gode løysingar om dei rette personane som har lyst til å prøve seg i hotellbransjen i Lavik melder seg.

Litt interesse har det alt vore etter at dei gjekk ut med nyhenda om at selskapet deira no er til sals, men det har ikkje leia til meir seriøse avklarings knytt til ei eventuell overtaking.

– Vi har stor tru på at det med tid og stunder vil dukke opp nokon som kan vere ein god match for hotellet, slik vi vart det for 21 år sidan. No gler vi oss til noko nytt, og synest det er veldig spanande å sjå kva framtida kan bringe. Å kunne få nye utfordringar er noko som motiverer, for vi har begge framleis masse å gi, og vil ta fatt på nye oppgåver med liv og lyst.



Trijnje og Laurens har hatt ei rollefordeling seg imellom på hotellet som har fungert godt. Trijnje har mykje kundekontakt og held romma i orden, medan Laurens mellom anna tek seg av kontorarbeidet.



Lavik Fjord Hotel er også ei storstove i bygda der det er mange ulike arrangement og tilstellingar. Her frå ei framvisning av «Labyrint»-episoden på NRK i november 2023 der det lokale laget «The Masters» deltok.



I selskapet Lavik Fjord Hotell AS inngår sjølv hotellet, den raude låa ved sidan av hotellet, leilegheitsbygget over låa, og det gule huset ved sidan av, som også blir leigd ut. I tillegg til desse eigedomane finst det fleire immaterielle verdiar i selskapet, slik som marknadsføringsmaterieil og avtalar med reiselsoperatørar i fleire land. (Foto: Lavik Fjord Hotel & Apartments / EiendomsMegler 1 Næring Bergen)